



SOGNDAL KOMMUNE  
Postboks 153  
6851 SOGNDAL

## Melding om tilsyn

Arbeidstilsynet fører tilsyn med at verksemdene følger krava i arbeidsmiljølova for å førebygge arbeidsrelatert sjukdom og skade. Vi kommer på tilsyn til Sogn Barnevern

### Tidspunkt

Dato 09.01.2014  
Klokkeslett 10.00  
Varighet ca. 3 timer

Dersom de har spørsmål om tilsynet, kan de kontakte saksbehandleren. Oppgi referansenummeret 2013/38556.

### Deltakarar

Sjå gjennomføring av tilsynet under.

Frå Arbeidstilsynet møter: Oddvar Mikalsen (seniorinspektør) , Hilde Nes Bruland (inspektør) og Rune Joar Ravnstad (tilsynsleiar)

### Føremålet med tilsynet

Arbeidstilsynet skal kontrollere om verksemda jobbar systematisk og førebyggande med helse, miljø og sikkerheit (HMS). Tilsynet vil fokusere på korleis de førebygger og reduserer risikoen for at arbeidstakarane skal få uheldige arbeidsbelastningar som følge av psykososiale og organisatoriske arbeidsvilkår.

### Tema for tilsynet hos Sogn Barnevern

- organisering og tilrettelegging av arbeidet
- systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid
- oversikt over roller, ansvar og myndigheit i helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet
- tilknytning og samarbeid med godkjent bedriftshelseteneste



- forebygging av sjukefråvær og oppfølging av sjukmelde
- arbeidsmiljøopplæring for leiar, verneombod og eventuelt andre
- verneombod og medverknadsmoglegheitene til dei tilsette
- håndtering av konflikter
- vald og truslar

## **Gjennomføring av tilsynet**

Kl. 1000 – 1100 Intervju med leder og verneombod/hovudverneombod.

Tema: Kort presentasjon av barnevernet, Arbeidstilsynet og tilsynsmetode, intervju etter momentliste og avklaringar

Deltakare: Arbeidsgivar og verneombod/representant for de tilsette. Kommunen kan i tillegg møte med fleire representantar dersom det er ønskelig. Vi oppmodar til at eventuelle representantar frå bedriftshelsetjenesta (BHT) deltar.

Kl. 1130 – 1300 Gruppeintervju.

Tema: Kort presentasjon av Arbeidstilsynet. Intervju etter momentliste.

Deltakare: 6 - 8 arbeidstakarar (representativt utval). Vi ber om at arbeidsgivaren i samarbeid med verneombodet/hovudverneombod vel ut et representativt utval (kjønn, alder, arbeidsoppgåver, ansiennitet, hel-/deltid) blant sine arbeidstakarar til gruppeintervjuet.

Det skal ikkje være nokon med leiaransvar (personalansvar) i gruppa, men tillitsvalt kan være deltakar. I gruppeintervjuet representerer deltakarane i utgangspunktet seg sjølv, og dei bør ha et ønske om å snakke om sitt eige arbeidsmiljø og helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet.

Ta kontakt med Arbeidstilsynet om det viser seg at det er vanskelig å velje ut deltakarar til gruppeintervjuet.

Kl. 1315 - 1330 Arbeidstilsynet samanfatar tilsynet.

Tema: Kort skildring av dagen og vidare sakshandsaming. Arbeidstilsynet vil vanlegvis ikkje komme med konklusjonar om eventuelle pålegg her.

Deltakarar: Arbeidsgivar og verneombod/hovudverneombod.

Vi ber om at arbeidsgivaren i tilsynet legg fram aktuell HMS-dokumentasjon knytt til tema som er nemnde over.

## **Tilrettelegging for møtet**



Arbeidstilsynet vil stille med tre personar ved tilsynet. Vi ber om at kommunen stiller eigna møtelokale til disposisjon for Arbeidstilsynet i det nemnde tidsrommet

### **Har de behov for meir informasjon?**

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no), eller de kan kontakte oss på telefon.

Med hilsen  
Arbeidstilsynet

Rune Joar Ravnestad  
tilsynsleder  
(sign.)

Oddvar Mikalsen  
seniorinspektør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:  
Virksomhetens verneombod/hovudverneombod  
BARNEVERN, Postboks 153, 6851 SOGNDAL